

# Fiksjon og fakta i Fabrikken

Nok ei bok om Odda er klar for lansering. Solheim fortel historia om Konrad frå ein fjellgard på Løyning som drog til bygdebyen Odda for å finna seg arbeid. Slik sett trør han stien etter Gro Holm. Og set søkjeljos på det «Odda i 100» i år markerer med ei rad arrangement

Mette Bleken

mette@hardanger-folkeblad.no

Forfatter Øivind H. Solheim er ikkje redd for å hoppa etter Wirkola eller symja i same bassenget som Seljestad og Grytten. Odda-forfattarar er blitt eit omgrep. Og dei er fleire.

## Fram frå støvet

Solheim skildrar miljø og hendingar i Odda i krigsåra. Smelteverket er hovudscena i Fabrikken, som er tittelen på boka. Det korresponderer godt med Marit Eikemo si bok Ruinar, som kom i fjor. Eitt av kapitla der er via Omn 3 - ein ruin som der blir heva or støvet som en fugl føniks eller ein rubin.

Solheim vil ikkje her og no gå hardt inn i debatt om vern eller ikkje vern, UNESCO eller ikkje UNESCO, men han er likevel klår på at Smelteverket er eit viktig kulturminne. Og på at nedrigginga meir liknar på ran og hærverk.

– Det burde vore eit museum her. Bygningar og gjenstandar frå drifta kunne fortalt industrihistorie og dokumentert ei fortid som er ein viktig del av grunnlaget for staden slik han står fram i dag. At det som gav levebrød til så mange, ikkje er tatt betre vare på og no berre er stov og ruinar, er ille, synest forfattar og odding Solheim.

Romanen Fabrikken kan verta eit slags monument mellom to permar over industrireisinga som skaut fart i Indre Hardanger frå starten av førre hundreår. Gro Holm har skildra ei side av saka i boka «De hvite kull».

Handlinga i Fabrikken er i hovudsak lagd til krigsåra. Forfattaren strekar under at handlinga og personane er rein fiksjon. Men stadnamn og historiske hendingar, arbeidsprosesser og liknande er høgst konkrete og reelle.

## Fiksjon og fakta

Der Gro Holm valde å døypa om, har Øivind H. Solheim latt fakta vera fakta.

– Eg har knytt saman Odda og smelteverket. Eg undra på

korleis dei hadde det. Då smelteverket var lagt ned i 2003 tok eg med kamera og gjekk ulovleg inn og dokumenterte mykje av det eg såg, fortel Solheim.

Far hans jobba på verket. Han var reparatør og han sveiste mantlar på ovnane. Fabrikken låg der i heile barndommen, men var forbode område for andre enn dei som hadde sitt arbeid der. Sjølv har Solheim hatt sommarjobb og fekk der «kjøt på tankane eg hadde om Smelteverket».

– I romanen har eg har fokusert mest på smeltehuset og importkaia, seier Solheim, som beskriv mennene sitt arbeid og ulike typar arbeidrarar, deira forhold til kvarandre og samhaldet deira.

Gjennom å studera gamle bilete - ikkje minst bilete frå NVIM - og gjenstandar, vert historie formidla. Bilete kan vera ei god kjelde til å gje rett skildring. Dette har Solheim drege nytte av i arbeidet med boka. Han har lese mykje av det som er tilgjengeleg og sett det i samheng med historia. Det er på ein måte to hovudpersonar i boka; Konrad Løyning og Fabrikken.

Konrad er ni år då mora hans døyr i 1902. Me følger Konrad på vegen hans i livet. Hovuddelen av forteljinga skildrar miljø og hendingar i Odda frå 1940 -45.

## Lesarane

– Det vil gle meg om Odda-folket vil lesa boka, seier forfattaren som har

arbeidd disiplinert med romanen utanom sitt sivile arbeid som realkompetansekoordinator på Knarvik vidaregåande skule.

Han er glad for tilbakemeldingar på boka, og er spent på korleis lesarane tar imot boka. Ein 20-åring som arbeidde på Smelteverket i 1940, er 88 i år....


## Eige ansvar

Fabrikken vert gitt ut på eige forlag. Prosessen frå du leverer manus til eit forlag og til boka eventuelt ligg i bokhandelen, er lang. Det er ikkje sikkert forlaga vil gje ho ut heller. Det er mange omsyn å ta.

Fordi Øivind Solheim vart lei av å venta lenge på svar og han rekna på dei økonomiske tilhøva, valde han å ta heile ansvaret sjølv. Men han har hatt god nytte av konsulenthjelp frå forlag. Det er ikkje dumt å la andre sjå manus, og få hjelp til å stryka, endra og kanskje få nye vinklar på ting.

## Forfattaren Odda

Solheim er fødd og oppvaksen i Odda. Han drog ut for å få seg utdanning, og som så mange andre flytta han ikkje tilbake. No er han ofte i Odda for å vit-



EIN NY "ODDA-ROMAN" ER PÅ BEDDINGEN. Forfatter Øivind H. Solheim fokuserer på Smelteverket og livet i Odda i åra då 2. verdskrig raste.

ja mor si.

– Eg har eit annleis forhold til Odda i dag enn då eg drog som 19-åring. Odda er full av motsetningar. Det eg ikkje sette pris på i ungdommen, er nok delvis slikt som eg ser som bra i dag. Som vaksen er eg tiltrekt av heimlassen, eg trur det er ganske vanleg, medgir han.

– Me voks opp i et oversiktleg samfunn. Eg opplevde at det på ein måte var trøgt å veksa opp her. Den gongen liksom no var det berre to vegar ut; sørover og nordover. Det var mykje stov og skit, og det var klasseskilje. Dei positive og dei negative sidene kan eg kanskje seia noko om dersom eg held fram med å skriva, smilar forfattaren.

Han strekar under at Odda - som alle plassar - har ei fortid, ei notid og ei framtid. Dei som styrer har eit ansvar for å sjå både bakover og framover for å skapa ei framtid og ei notid. Ting frå fortida er verd å ta vare på.

## Typisk

Odda er ein typisk industristad og representerer mange andre tilsvarande stader. Slik sett kan boka ha interesse langt ut over Odda og Hardanger. Den andre fredagen i september vert ho presentert på biblioteket i Odda.

– Fabrikken vert ein suksess for meg om lesaren tar boka til seg, seier ein spent forfattar som debuterar med Odda-bok

## Fakta

### Forfattaren

- 1947 fødd i Odda
- 1973 cand.philol. universitetet i Bergen
- Arbeidst som lektor, hovudtillitsvald, undervisningsinspektør.
- Gitt ut to romanar: Stupet (om ein ung mann som er svært sjuk) og Tellus 89 (om våpenkappløp og atomkrig), Noveller, dikt, lærebøker og ei rad artiklar og kronikkar.
- Utarbeidar ulike Quiz, spørjespel, på nett frå den komande romanen og om Odda.
- Boka er delt i fira bolkar og til saman 77 kapittel.